

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.06.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Jon-Harald Huus, Ingrid Stranden Haavik, Veslemøy Mjelde og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Guri Bugge

Referent: Kaia

Sak 2024/34: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2024/35: Godkjenning av referat frå styremøte 14.05.2024. Godkjent

Sak 2024/36: Eigedomar:

- Vestfasaden på den raude delen av kulturhuset er ferdig malt, vindauge i gymsalen og scene er i dårleg forfatning med mykje råte, men er no flikka og malt eit strøk slik at dei kan fungere 1-2 år.
Forslag: me bør innhente pristilbod på nye vindauge og utskifting og søka om midlar for dette, til saman 8 stk vindauge. Me vil lage eit prosjekt på rehabilitering av gymsal – nye vindauge, ledljøs, sliping/merking av golv, lydplater og ev maling og søkje støtte til dette.
Skjerm for å beskytta varmpumpa er montert når me hadde stillas oppe og lett tilkomst.
Maling av fasade sør- og eventuelt aust kan halde fram etter ferien, i august/september.
- 3 nye informasjonsskilt med påminning om ansvarleg framferd i kulturstien er montert på Hallgrim og på Vassel.
- Me ventar på nytt informasjonsskilt for helleristningsfeltet frå fylkeskommunen, status? Fått tilbakemelding om at dei er kjend med at skiltet ikkje er lesbart og jobbar med saka. Dei har lova nytt skilt.
- Tilbakemeldingar etter 17. mai og Herand Rundt tyder på at fryseboksen for is er i dårleg stand og at ein ikkje oppnår låg nok temperatur i boksen. HB har hatt kontakt med butikken mtp. lån, leige eller kjøp av fryseskap eller fryseboks frå isleverandøren. Vist vidare til Hennig Olsen. Om ikkje det ordnar seg der, undersøker me om kjøp av ny.

Sak 2024/37: Tilstellingar:

- Info frå generalforsamling i Herand Omsorgsbustader AS, 3. juni 2024. HOB skal i møte med Ullensvang kommune 12.06.2024 for å avklare vidare drift og leigeforhold, bygdelaget deltar.
- Jonsokfeiring på kulturhuset søndag 23. juni. Ulike lag i bygda har ansvaret for sin del av gjennomføringa. Opptoget går frå butikken kl 15.30 til feiring ved kulturhuset. Me oppmodar alle barn om å pynta seg og bli med. Alle velkomne! Styret møter på kulturhuset 13.30 for klargjering.

Sak 2024/38: Økonomi:

- HB har fått kr 100.000,- i gåve frå Sparebankstiftinga Hardanger til Herand kulturhus. Er til kledning/maling/ny ytterdør. *Tusen takk for god støtte!*
- Me ventar svar på sendte søknadar til kommunen på driftsstøtte kulturhuset og kulturstien.

Sak 2024/39: Kulturhistorisk senter:

- Sesongen 2024. Det har vore eit leirskulebesøk i veke 23. 2. kl ved Jondal skule kjem 12.06. Opning tysdag 25.06.

Sak 2024/40: Andre saker/eventuelt:

- Utsett sak frå førre styremøte: Eventuell ny status vedkomande elbilladar, ved Guri. Utsett vidare.
- Er det mogleg å gjere noko for å leie turgåarar mest mogleg ut i kanten av dyrka mark i kulturstien? Me ser på saken.

Neste styremøte tysdag 13.08.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.

Styret i Herand bygdelag ynskjer alle ein god sommar!